

## Møtebok for Gaular kommune

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
018/03	Formannskapet	24.02.03

### HEIMFALL - FRÅSEGN TIL FØRESLEGNE ENDRINGAR I INDUSTRILOVA OG VASSDRAGSLOVA

Arkiv: 020 &00  
Saksmappe: 03/00147-1  
Sakshandsamar: Per Kjelstad  
Dato: 24-2-2003

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT	
02/ 2351 - 68	
DATO - 5 MARS 2003	
AN	EKSP.
501 ✓	

#### Tilråding til vedtak:

Gaular kommune går mot OED sitt framlegg om at konsesjonar for kraftverk som offentlege aktørar har fått på ubestemt tid vert omgjorde til tidsavgrensa konsesjonar med løpetid på 75 år frå lovendringstidspunktet.

Ei slik ordning vil føre til sterk omfordeling av eigarskap mellom distrikt og sentrale stork og omfordelingseffektar mellom kommunar og fylkeskommunar og staten.

Kommunen sine eigardelar i kraftverk vil gradvis få redusert verdi, og ein må rekne med at kommunane vil kappast om å selje seg ut medan eigardelene endå ikkje har tapt altfor mykje verdi.. Departementet har også føresett at ei slik lovendring kan gjennomførast utan at det utløyser erstatningsplikt.

Gaular kommune meiner at ein prinsipielt må halde på standpunktet at heimfallsinstituttet gjeld forvaltning av naturressursar og etablerte eigarrettar og såleis ikkje er omfatta av EØS avtalen.

Dersom dette ikkje når fram, må ein utsetje prosessen og setje i gang eit arbeid på breiare grunnlag der alle partar er med.

**Handsama i: Formannskapet - 24.02.2003**

P.K.

**Formannskapet sitt samrøystes vedtak 24.02.2003**

Gaular kommune går mot OED sitt framlegg om at konsesjonar for kraftverk som offentlege aktørar har fått på ubestemt tid vert omgjorde til tidsavgrensa konsesjonar med løpetid på 75 år frå lovendringstidspunktet.

Ei slik ordning vil føre til sterk omfordeling av eigarskap mellom distrikt og sentrale strok og omfordelingseffektar mellom kommunar og fylkeskommunar og staten.

Kommunen sine eigardelar i kraftverk vil gradvis få redusert verdi, og ein må rekne med at kommunane vil kappast om å selje seg ut medan eigardelene endå ikkje har tapt altfor mykje verdi.. Departementet har også føresett at ei slik lovendring kan gjennomførast utan at det utløyser erstatningsplikt.

Gaular kommune meiner at ein prinsipielt må halde på standpunktet at heimfallsinstituttet gjeld forvaltning av naturressursar og etablerte eigarrettar og såleis ikkje er omfatta av EØS avtalen.

Dersom dette ikkje når fram, må ein utsetje prosessen og setje i gang eit arbeid på breiare grunnlag der alle partar er med.

**SAKSDOKUMENT:**

S HEIMFALL - FRÅSEGN TIL FØRESLEGNE ENDRINGAR I INDUSTRILOVA  
OG VASSDRAGSLOVA

**SAKSUTGREIING:****UTSKRIFT SENDT TIL:**

Olje- og energi dept. Oslo

KS, Førde

KS, Oslo

LVK v/advokatfirmaet Hjort DA

Postboks 471, Sentrum 0105 Oslo

Rett utskrift,

Sande den 28.02.03

*Hilde Antonsen Eide*

Hilde Antonsen Eide

sekretær